



NOTAT

Arkivsaksid 16/1385

Frå: Tenesteområde Plan, utbygging og kommunalteknikk

Til: Formannskapet i møte 03.05.2016

F-sak 37/2017 – Tiltakspakke for auka sysselsetting

I F-sak 37/2017, møte 29.03.2017, vart følgjande tiltak prioritert:

Formannskapet sluttar seg til at ekstraordinært statsilskot blir nytta til følgjande tiltak i 2017, etter anbodsinnhenting:

1. *Oppgradere 5 eldre toalett på Sagstad skule.*
2. *Utvendig maling av ulike bygg - ca kr 350 000.*
3. *Skifte låssystem på skulane, frå nøkkelsystem til kode/kortsystem.*
4. *Etablere ventilasjonsanlegg Marihøna Barnehage.*

Prioriteringa var basert på rundskriv H-2391 frå kommunal- og moderniseringsdepartementet, der det gjekk fram at Meland fekk 1,435 mill. kroner av totalt 400 mill.

I statsbudsjettet vart det varsla at regjeringa ville komme tilbake til fordeling av nye 250 mill. kroner på nyåret. Fordelingen av dei resterande midlane var ikkje kjent då prioritering av tiltak vart behandla. Ved utbetaling av det samla tilskotet fekk Meland såleis tilført kr 2,418 mill. kroner, utan at auken var varsla på førehand.

Det er såleis høve til å gjennomføre fleire ekstraordinære vedlikeholdstiltak på bygg og anlegg.

Det inneber at dei 4 tiltaka som allereie er prioritert, kan gjennomførast. I tillegg tilrår administrasjonen at følgjande behov blir innfridd:

- Meir utvendig maling av ulike bygg
- Rassikring av nokre særst utsette parti langs kommunale vegar

Lista over bygningar som treng utvendig maling er lang, og administrasjonen tilrår å ta tak i dei som hastar mest, for å unngå større utgifter i komande budsjett. Det er ikkje tiltak som ligg inne i dagens budsjett, men som det er eit stort behov for å gjennomføre.

Når det gjeld rassikring langs kommunale vegar er det særleg ved Røyset, Hoplandsvegen, Bjørndalen og Øvre Sagstad det er avdekka utsette parti.

Tiltak	Prioritert i sak FS-37/2017	Kostnadsoverslag
1.	Oppgradere 5 eldre toalett på Sagstad skule	Kr. 250 000,-
2.	Utvendig maling av ulike bygg	Kr. 350 000,-
3.	Skifte låssystem på skulane	Kr. 700 000,-
4.	Ventilasjonsanlegg Marihøna Barnehage	Kr. 100 000,-
Nye tiltak	Nye prioriteringar	Kostnadsoverslag
5.	Meir utvendig maling	Kr. 650 000,-
6.	Rassikring langs kommunale vegar	Kr. 368 000,-
SUM		Kr. 2 418 000,-

Plan, utbygging og kommunalteknikk

19.04.2017

Anny Bastesen

Sektorsjef teknisk